



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 8

OKTOBER 1981

31. årgang

## Ikke gråte — en styrke?

Spørsmål:

Når jeg har vært i begravelse, har jeg lagt merke til at det er svært mange som nesten ikke feller en tåre. Er dette tegn på styrke? På hvilken måte kan vi som kristne sørge?

«Fru Jørgensen var så tapper i begravelsen. Hun felte ikke en tåre». «Herr Olsen må være åndelig sterk. Han gråt ikke under hele bisettelsen».

Er det positivt at fru Jørgensen klarte å holde sorgen tilbake? Er det tegn på sann åndelighet at herr Olsen «tok det så fint»?

Ingen skal få beskyldte verken fru Jørgensen eller herr Olsen for å være overfladiske fordi de ikke gråt.

Det går an å være ekte sorgde selv om en ikke viser det så tydelig. Men dette forhindrer ikke at svært mange som sørger, verken tørr eller viser sine følelser.

Derfor vil jeg understreke: Det er sjelden et kjennetegn på åndelighet at vi klarer å bite tennene sammen for å undertvinge sorgen. Det er sjelden et kjennetegn på tapperhet at vi unngår å bruke lometørkle under begravelsen. «Mannfolk griner ikke», får norske gutter høre. Det er tragisk om vi tror det er sant.

Hva er sorg?

Sorg inntreffer når vi tar avskjed med noe som betyr noe for

## Hausten og våren

*Kan vel hausten elska vårens vakre, rike blomsterflor?  
Når den ødsel drysser blodigraude blader ned til jord?*

*Trur du den kan fylgja våren fram til somrens ljose tid?  
Når ein vinter mørk og øde stenger kvar ein veg og sti?*

*Hausten gjev visst døden siger, og spår livet nederlag,  
men når vårens tid er inne blir det atter livets dag.*

*Blåe, kvite symreblomar i mi stue skal bli gjest  
når eg pyntar opp til vårens ljose, vakre pinsefest.*

*Da skal lubne, vakre blomknoppar opp til tusentall  
prisa livets Gud og Herre i naturens tempelhall.*

*Likevel så veit eg hausten først skal dekke li og eng  
med sitt kvite sengeteppe over kvar ei blomeseng*

*Men den vakre, vene våren den får hausten aldri sjå  
for ein vinter kjem imellom våren ljøs og hausten grå.*

*Så kan hausten berre draume når den inn i vinteren går  
om eit paradys som åpner for evig, evig vår.*

*Dette Paradys bær kvar ein søndag i sitt glade bud.  
Det var det den store Meister ville helsa med — frå Gud.*

*«Sjå i huset der hjå far min, er det mange, mange rom.  
Eg går burt og lagar plass åt deg, og ingen må stå tom.»*

*Du som kjenner hausten riv i rygg og bleikar gråe hår,  
du skal svara ja og gå med Kristus gla til livets vår.*

(Omskrive etter ei gamal vise)

K. R.

oss i livet. Det kan være en kame-  
rat, ektefelle, foreldre — eller for  
den saks skyld — en hund. En  
slik atskillelse er alltid vond, selv  
om ikke alle reagerer like sterkt  
følelsesmessig. Det skjer nemlig  
noe i oss når vi opplever sorg.  
— Såre minner vekkes til live, og

gode minner vekkes til live. For-  
sømmelser vekkes til live, og go-  
de dager vekkes til live. Sorgen  
griper med andre ord sterkt inn  
i følelseslivet vårt.

Per Arne Dahl

## SLEKTERS GANG



## Døpte

## ORKDAL:

- 16.08. Erlend Aamot (d. i Hareid k.)  
 20.08. Frode Gundersen  
 06.09. Martin Aunemo  
 06.09. Lena Tromsdal  
 20.09. Glenn-Egil Martinsen  
 Tommy Bakk  
 Linn Vassli Larsen  
 Hanne Mellingsæter  
 04.10. Linda Eriksen  
 Arve Blomli  
 Merete Solheim

## ORKANGER:

- 06.09. Kjell Arne Aldèn  
 30.08. Per Magne Hals  
 (d. i Straumsnes)

## ORKLAND:

- 06.09. Oddlaug Hoston



## Vigde

## ORKDAL:

- 22.08. Trygve Snoen og  
 Sissel Mikalsen  
 04.09. Inge Bjørn Storøy og  
 Kirsten Helene Glasø (vigd hos  
 soreskr.)

## ORKANGER:

- 12.09. Bård Inge Syrstad og  
 Tove Lerånd (vigd i Buvik k.)

## ORKLAND:

- 12.09. Roy Skjerså og  
 Torhild Mjøen  
 19.09. Magne Eldor Wassli og  
 Unni Lernes

## GEITASTRAND:

- 28.08. Jan Brevik og Karen Husdal  
 (vigd hos soreskr. i Orkdal)

## Innbetalingstalongen

for kyrkjebladet er lagt inn i dette nr. Det er den ordinære innbetaling som skjer no og vi ynskjer at flest muleg nyttar seg av talongen før den vert lagt bort og gløymt.

## Guds løfter holder

Salme 37. 5: «Legg din veg i Herrens hånd, stol på ham, så griper han inn».

Dette er for meg et av de kjæreste løftene i Bibelen, og samtidig et av de vanskeligste. Visst vil jeg gjerne legge min vei i Herrens hånd. Visst vil jeg gjerne stole på ham. Men ønsker jeg at han skal gripe inn i min hverdag? Her kan jeg nok fristes til å gi opp. Ja, — hvis det hele beror på meg. — — Men heldigvis, — det står ingenting om hvor godt eller dårlig dette må lykkes for at Herren skal gripe inn. For meg betyr dette verset i praksis en enkel, daglig takk til Jesus for at jeg får legge min veg i

hans hånd og stole på ham. Gjennom det har jeg fått erfare at han virkelig griper inn i mitt liv, i min hverdag.

Så lykkes jeg nok både dårlig og mindre dårlig i å overgi alt til Jesus, men Guds løfter står fast gjennom alt. Da må jeg igjen takke for at det ikke er min ferdighet Jesus spør etter, det er min vilje. Jeg vil at han skal lede meg, da sier virkelig løftet at han griper inn.

«Å tro det er å takke,  
 Guds veg er nådens veg.»

(Sangboken nr. 323)

Oystein Fagerli.

## Orkdal menighet

## Indremisjonen

har møteveke 3. - 8. nov. Taler er Klukstad. 3. nov. blir ungdomskoret med. Søndag 8. nov. kl. 17.00 blir det fest der den nye familiemusikken blir med.



## Døde

## ORKDAL:

- 24.08. Anna Birgitte Forbord f. 1914  
 03.09. Olav Aunemo f. 1918  
 04.09. Arne Teodor Mjonesane f. 1916  
 07.09. Ivar Johannesen Grong f. 1897  
 Ella Blåsmo f. 1908  
 09.09. Ingeborg Kvålvold f. 1909

## ORKANGER:

- 16.08. Ingrid Lillemyr f. 1909  
 28.08. Sverre Fånes f. 1916  
 Leif Andås f. 1928  
 06.09. Ragna Mevine Slupphaug f. 1915  
 Kristine Marie Råen f. 1915  
 19.09. Martin M. Kjonli f. 1904  
 26.09. Ellida Johansen f. 1908

## ORKLAND:

- 02.09. Ole Bernhard Rindal f. 1909  
 07.09. Marius Arnljot Tronvoll f. 1910  
 Marit Svinsøy f. 1902  
 23.09. Andreas Konstad f. 1902  
 Bertha Jonetta Svorkmo f. 1915

## GEITASTRAND:

- 18.08. John J. Johnssen f. 1899  
 26.09. Jakob Sletvold f. 1893  
 28.09. Idar Husdal f. 1898

## Indremisjonsbasaren

blir på Megården den 19. nov. Orkland Mannskor blir med.

## Festmøte

Søndag 18. okt. blir det festmøte på ettermiddagen med Magne Valen Senstad. Han vil på formiddagen delta på gudstenesta i Orkdal kirke. Dette er ein aksjonsdag for nybygget ved Misjonshøgskolen.

## Teen-treff på Megården bedehus

Vi har starta opp igjen med teentreff. Neste blir onsdag 28.10. kl. 18.00.

## Konfirmantforeldrefest

Onsdag 21. oktober kl. 19.30 blir det samling på Megården bedehus for foreldre til konfirmanter i Orkdal sokn, som går på Grøtte ungdomsskole. Film, samtale, enkel bevertning.

## Barnetreff

Ofstad bedehus, fredag 23. oktober kl. 16.30.  
 Kjæra grendahus, fredag 30. oktober kl. 16.30.  
 Ofstad bedehus, fredag 13. november kl. 16.30.

## Teen-treff

Ofstad bedehus torsdag 29. oktober kl. 18.30.

## Nytt kor på Follo

Det er nå startet opp et kor på Follo. Opprinnelig var det tenkt som et gospelkor for ungdomsskoleelever og gymnasiaster. Da oppsluttinga ikke ble så stor, prøver vi i stedet med et mindre kor i Lagssammenheng. Alle ungdommer fra 8. klasse og oppover er velkommen. Vi øver torsdagene kl. 20.00 på Follo. Leder Dag Buhaug.

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld  
 7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel

Agnes Singstad

Redaktør:

Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo  
 7330 Svorkmo.

Helgemess-  
sundag

Lukas 6, 21

«Sæle dei som no svelt. Dei skal mettast! Sæle er dei som no gret. Dei skal koma til å le!»

I den gamle kyrkjebøna sto det: «Me lovar og prise ditt heilage namn og takkar deg for kvar ein kristen som i tru på deg og otte for deg har gått bort frå dette livet og no er heime hjå deg, og me bed deg audmjukt at du vil gjeva oss med dei å leva i Herren og døy i Herren, so me og med dei kan nå til livsens oppstoda». Denne bøna gjev på ein eigen måte dekning for alle våre tankar på helgemess-dag.

Helgemessdag er den dag da me særleg minnes dei som no er borte, — dei som har gått føre oss, dei som har stridd trua sin gode strid, fullenda laupet og no er heime hjå Gud.

Helgemessdag fører tankane og sinnet vår oppetter mot den ævelege staden der den store, kvite flokken frå tusener av år får samlast i takk og pris til Guds ære. På denne dagen kjem minnene fram og kan hende tykkjer ein slik at helgemessdag er ein tung og sorgfylt dag, avdi ein da kjen-

## Geitastrand menighet

Onsdag 28. okt. kl. 19

blir det den tradisjonelle kvinnefor-  
 eningsbasaren med auksjon av strikke-  
 varer i Gjølme Bedehus.

Alle er hjertelig velkommen.

N. M. S.

Kateketen er å treffe på Preste- og  
 Menighetskontoret, Bårdshaug.  
 (Tlf. 80 000) til følgende tider:

Tirsdag: kl. 12.00 - 15.00

Onsdag: kl. 11.30 - 15.00

Fredag: Prestekontoret fra kl. 10.00 -  
 14.00.

**S** ORKLA  
 SAMVIRKELAG

Domus, dagligvareavd.

Byggevarer, Rør og Sanitær

El.installasjon, Norol-senter,

Systemhusavd., Serviceavdelinger

Helårs-  
trim



**A. Todal's**  
 Estf.

Tlf. 80 278

Orkanger.



## Olaf Havdal til minne

Det er med sorg vi har tatt imot meldingen om at prost Olaf Havdal er gått bort. I hus og grender i vårt prestegjeld har han satt spor etter seg og fått gode venner. Mange er det som føler savnet.

Olaf Havdal ble født i Lånke i 1905. Han ble ferdig med sin presteutdannelse i 1930 og virket deretter noen år som lærer. Sin prestetjeneste begynte han i Hålogaland bispedømme, først som stiftskapellan senere som sokneprest i Sør-Varanger. I 1947 kom han som sogneprest til Haldalen og deretter til Meldal i 1955. Til vårt prestegjeld kom han i 1967 og han ble her til 1973. Fra 1963 var han også prost i Orkdal prosti.

Vi føler på en dyp takk til Olaf Havdal for det han fikk være med å gi til mennesker i vårt prestegjeld og for den omsorg og troskap som han viste i sin tjeneste.

Guds velsignelse over hans minne!

### Orkanger menighet

#### Sjømannsmisjonens basar

blir i høst de 14.10. kl. 19.00 i Orkanger bedehus. Domprost Tron Tronsen blir med som taler. Sang av Orkanger musikklag.

#### Indremisjonens basar

holdes den 21.10. kl. 19.00 i Orkanger bedehus. Birgit Sæther blir med som taler. Sang av Orkanger musikklag.

#### Filmkveld

i Orkanger bedehus torsdag 29.10. kl. 19.30. Vi viser den kristne spillefilmen «Tim to run». Alle er velkommen.


#### Eldretreff

i Askeladden mandag 2.11. kl.17.00.

#### Hele menigheten synger

i Orkanger kirke den 8.11. kl. 18.00. Vi får besøk av Hølonde Barnespel. Hele familien er velkommen!

# HAUST



Det hender at eg tenkjer. Eller rettare, det hender at eg har høve til det: fred og ro. I haust har eg hatt ein del slike sjansar, på grunn av arbeid som måtte gjerast på stølen før snøen kom for alvor. Det er sikkert mange som har opplevd fjellet seinhaustes. Eg har det ikkje, før no. Landskapet var så nakent, kaldt og audt — men også reint, kledd i florlett, kvit nysnø-kjole som gav godt gjennomsyn til mose, lyng og stein. Gufsannde kaldt — men likevel fritt og dragande. Isen knasa under bilhjula — og det var neste som det «fresa» mot meg: Det er ikkje di tid i fjellet no — du har sommaren, — no er fjellet vårt. Du trengjer deg inn i vår «tid». Ja, kanskje er er eg overtruisk, men eg kjende det slik at eg trengde meg inn i noko — inn i ei framand verd. Men det var spanande. Kanskje fekk eg eit glimt av huldra. Huldra — med fine trekk og glittrande søljer, gull-gult hår nedover ryggen — Eventyret sjølv. Ein skulle vel ikkje skrive om hulder i dette bladet — men eg trur det bur ei liten hulder i oss alle. Kanskje nettopp om hausten — når tankane ofte set seg på ryggen til flyttfuglane og svevar over vide hav og store skogar — langt bort. Bort til «eventyrlandet» der det er varme, sommar glede og frihet. Eller me diktar oss eit eventyr om ein mindre grå kvardag — ei mindre stressa og oppkava tid. Draumen om at ein av og til «strakk til» overfor det som ein står midt oppe i til kvardags, og i oppgaver som er pålagt oss og er vårt ansvar. Jau, kven har ikkje dikta seg eit eventyr av og til — med eller utan hulder. Kven har ikkje vore på flukt bort bort frå seg sjølv ikkje minst. Me har kjent oss eitt med treet som langsomt mister krafta og slepper bladene, eller med is-skorpa på ein vasspytt. Ingen kraft, ingen varme. Me står her og stampar i kald snø med stressvinden susande rundt oss på alle kantar.

Og så er alt det gode borte for oss — endå me veit at det er der.

Men — kva er det egentleg som hender om hausten? Flyttfuglane reiser nok — og har ei strevsam og farefull flukt — men dei kjem att. Kan henda det var for varmt i «eventyrlandet»? Og treet mister ikkje krafta — røtene tek den berre stille til seg for og styrke og nære — og sende den på nytt opp til liv og vidare vekst — når kulden og mørket er over. Ja, sjølv om stormane riv i topp og greiner — så står det, for di det har sterke røter som er fulle av kraft. Hausten gøymer våren i si mørke hand. Me veit at slik er det også med det haustmørke som me alle har kjent meir eller mindre til — i oss sjølve. All kraft er borte — all vilje og alt lys. Det er berre mørke — me kavar på og spør: «Kva fører det hen? Kan det bu nokon «vår» i min haust? Kan det vera kraftkjelder i dette — som kan gjeva nytt liv?» Ja, der er! For Gud er med oss i mørke og — «ser vår sak» — han veit kva me verkeleg treng — og det vil han gjeva oss — men me står fritt i om me vil ta imot eller ikkje. Det han fyrst og fremst vil gjeva er kraft til å leggja alt over på Han. Og gjer me det — skal me få kjenne at han har omsorg for oss — og er full av kjærleik. Og då kan me skimte våren — kanskje gjennom uklare frostruter, men likevel — lyset er på veg inn, fordi Gud er lys. Og han vil sende haust — og vår — tider i våre liv — etter som han ser me treng det. Men tilslutt vil han ta oss inn i sin evige vår. Det er hans vilje med oss. Vil me?

L. M. Medgard i Al kyrkjeblad.

## 16. P. Asphjell fortel frå krigstida

### DET GAR MOT SUTTEN.

I tida som no kom, var det greit å sjå at tyskerne tok til å buseg på slutten. Framleis gjekk togtrafikken på eit vis. Ein kunne sjå tog med krigtilfang som gjekk vestover. Ein dag såg eg eit langt tog med halv-moterte panservogner, tanks, som skulle til fronten. Med den slanke kanonen på toppen sto dei på snaue hjula, lasta på åpne vogner. Hjulbeltene låg i en haug ved enden av kvar doning. Det synta at dei enno smidde våpen.

Mot aust gjekk det og rett som det var full-lasta evakueringstog. Det var ofte skamferte vogner med rifter og skråmer. Attom delvis sundsprengte glasruter satt det tettpakka med kvinner og barn. Dei skulle prøve å finne ein tryggare stad lenger inne i landet. Heimlause og fredlause vart dei jaga bort frå heim og kjære stader, for skuld ufreden som dei som skulle styra land og rike hadde fått i stand. Den 7. desember 1944 er ein dag eg aldri gløymer. Den dagen hendte det så brått og uvanta at eg vart sleppt fri. Det var tidleg om morgonen mil-lom klokka fem og seks. Me hadde ete morgonmaten, sett istand sengene og sto der ferdige til å tørne ut. Da kom leirsjefen, ein halvgammel gubbe me kalla «Hausvater» busande inn og ropa namnet mitt. Eg vart ei grand ottesam. Kva var det som sto på? Hadde eg gjort noko gale? Da han fann meg, skreik han ut mest som i sinne: «Los, los. Du bist entlassen». Eg kunne mest ikkje tru øyro mine. «Entlassen». Frikjent, laus-sleppt!

Da det endeleg gjekk opp for meg og for kameratane kva det var som heldt på å skje, vart det ein del røre i flokken. Dei stima rundt meg for å ønske tillukke og for å seie farvel. Så skulle «buet skiftas». Alt måtte gå for seg i stor hast. Ein hadde sett at eg hadde ei bra matskål. Ein annan ville gjerne byte til seg matskjea. Atter ein bad om å få ta over «skulderveska» mi. Det var ein enkel pose av sekky med ei stropp over aksla som ein kunne bera matskål og skje i. Eg trur ikkje eg minnes feil, når eg nemner at ein ville ha skorpe mine og.

Det siste eg ga frå meg var andaktsboka eg hadde funne i Essen. Ho hadde eg tenkt å få med heim som eit kjærte minne, men så kom det ein av

hollandarane og spurte etter ho. Dei trong ho så vel. Det var sjølsagt ikkje nei i min munn i ei slik stund. Eg visste så vel kva ho var verd på ein slik stad, og det var vel unnt. Eg ga ho villig frå meg og ønskte lukke til med å bruke ho.

Det er så mykje ein skulle ha sagt i ei slik stund, når ein skal skiljas frå vener som ein har vore saman med i veker og månader under skiftande tilhøve. Men tida var knapp. Han som skreik «los, los» vart meir og meir utolsam. Toget eg skulle fara med var ventande. Det var eit handtrykk her og ein dult på aksla der. Takk for samværet. «Lebe wohl. Adio».

### PÅ HEIMVEG.

Så satt eg på toget til Bochum. Til følgesvein hadde eg ein av dei gamle, trufaste vaktarane som hadde gått med oss heile sommaren frå arbeidsplass til arbeidsplass med ein geværstaur på aksla. Han skulle følge meg til fengslet i Bochum, der eg måtte innom for å hente utstyret mitt som eg hadde late etter meg der om våren. For siste gong for eg gjennom ruinbyen Bochum, der det no knapt fans ein heil husvegg.

Det var underleg å koma til fengslet og finna at det enno var i bra stand. Rett nok låg det i utkanten av byen, men det kunne ikkje vera berre det som gjerde at det hadde berga så bra. Det var nok ikkje tvil om at dei som hadde kasta bombene, hadde vore kjent med kva slag bygg det var. Her treffe eg att ein kjenning, Berntsen, som og vart dømt på Domås i same sak. Han hadde ein dom på eitt år, så han hadde sloppet fri litt for tidleg. Det var og to nordmenn til som var på heimveg, ein frå Oslo og ein frå Drammen. Me vart såleis fire mann som var klare for å reise heim til Norge. Dei tri hadde alt kvitta seg med fangedrakten, og såg reint velkledd ut i sine egne plagg. Eg var svært spent på om eg ville få att alt eg hadde gjeve frå meg da eg var her sist. Attåt gangklær var det ikkje så få kjære ting i den store ryggsekken eg hadde frakta med meg heimanfrå. Det gjekk godt. Alt kom tilrettes i god stand.

Eg fekk ein gløtt av depoet deira da eg henta sakene. Det såg ut til at kvar mann hadde fått sitt lagt i ein

stor papirsekk som så vart hengt på eit lagerloft. Der hadde det vore heile sommaren, verge mot mus og mott. Dette herskesjuka folket er trass alt eit ordensfolk. Den ros skal dei ha. Jau, det var der alt. Endatil gifte-ringen min av ekte førkrigs gullkarat. Det var høgtidsamt å sette han på fingeren att. Ein skulle tru dei kunne unne ein fange å ha ein slik ting hos seg til trøst og glede i ei tung tid. Men nei, dei var visst så livende redd for at einkvan kunne gjera seg fordel av noko slikt. Det kunne bytas bort i mat eller røyk, ja, kanhende friedom.

Det var med underlege kjensler eg pakka ut og såg over det som var i ryggsekken. For ein rikdom det var alt dette som eg kunne kalla mitt, og som det knytte seg så mange minne til. Så sto eg atter reisebudd i mine egne klær. På denne årstida var det godt med skinn og ull. Det var og god von om at eg skulle sleppe å byte til fangedrakt påny. No skulle det bli heimferd. Men for ei ferd! Ei lang togetreise låg framom. Eg hadde god røymsle frå slike turar no. Skrangle avstad frå by til by nordigjenom dette bombeherja landet. Truleg ei mardbar reise med mykje frost og lite mat. Kva kunne me ikkje koma ut for, før me nådde Østersjøen? Så var det sjøvegen heim til Norge. Kanskje farlegaste delen av heile reisa. Ein gjorde klokt i ikkje å hyse for store voner. Det lei alt eit stykke ut i desember. No var det nyss før dei tok til å stelle til jul heime. Var det mogleg å koma heim til jul? Det sto i Herrens hand. Eg kjende meg så underleg trygg på at det skulle gå bra. Eg hadde fått merke det gong på gong dette året, korleis Gud hadde vore med. Eg kunne såvisst ikkje gjera noko korkje til eller frå. Eg fekk lov til å be: Skje din vilje og ikkje min.

Framhald

Bøker Leketøy Papir  
Damevesker

Nik. Konstads  
Bokhandel

7301 Orkanger

## Orkland menighet

### Spiderforeldre

Torsdag 15. oktober er det foreldre-møte hos Kirsti og Einar Kristiansen. Alle lederne møter og orienterer fra sine grupper.

### Haustattakgegudsteneste

Søndag 18. okt. kl. 19.00 blir det haustattakgegudsteneste igjen i Moe kyrkje. Det blir pynting med haustens fargar i kyrkja av bondekvinnelaget. Alle 4H ungdomane vil komme i prosessjon inn i kyrkja under preludiet med mengder av haustens grøde og legge dette i koret. 4H vil også delta i gudstenesta. Orkdal Damekor vil delta med sang. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffe ved bondekvinnelaget på Svorkmo Samfunnshus. Her vert det program ved 4H gruppene. Og vi auksjonerer ut all haustens grøde som vart boren inn i kyrkja. Offeret og inntekta av auksjonen går til Kirkens Nødhjelp.

### Konsert med temaet: Misjon

Fredag 23. okt. arrangeres konsert i Moe kirke med misjon som tema. Medvirkende er Meldal Menighetskor, Orkdal Ungdomskor og Orkland Mannskor. Gjertrud Gåsvatn og Lars Birger Aadland. Gjennom skriftlesning, dikt, tale, korsong og menighetssang vil misjonen og misjonstanken bli tatt opp under overskriften: Kristus er verdens lys. Konserten arrangeres til inntekt for Misjonshøgskolen i Stavanger.

### Røddemøte

Mandag 26. oktober er det møte hos Tore Høsten.

### Sangkveld på misjonshuset.

Fredag 30. okt. kl. 20.00 vert det arrangert sangkveld til inntekt for Misjonshuset på Svorkmo. Orkland Mannskor, og Svorkmo Musikklag vil synge. Andakt ved B. Aasen.

### Vi minnst dei døde

Allehelgensdagen, søndag 1. nov. vil det under gudstenesta bli opplest navna på alle dei som har gått bort sidan sist allehelgens dag, og det vil bli ei minnestund over dei.

### Kulturkveld med Kåre Lunde

Fredag 13. november blir det stor kulturkveld med redaktør Kåre Lunde

fra Familien. Kåre Lunde er mykje brukt kåsør og kjenner våre diktere svært godt. Han vil gje oss eit innblikk i temaet: «Våre kjente diktere møter evigheten.»

Det vert sanginnslag og andre innslag på kulturkvelden som er ein samarbeidskveld mellom Øvre Orkdal historielag og Orkland Menighet.

### Ungdomsarbeidet

Ten-kveld på Svorkmo Misjonshus fredag 6. nov. kl. 19.30.

### Eldretreff

Torsdag 5. nov. kl. 11.00 vert det igjen eldretreff på Svorkmo Misjonshus. Dette eldretreffet vil Svorkmo I.U.F. stå som arrangør av. Som vanleg vert det buss frå Hoston kl. 10.00 om Mønset.

### Misjonsmøte

Mandag 9. nov. kl. 20.00 vert det møte hos Frida Svorkmo.

### Indremisjonen har møteserie.

Fra søndag 22. nov. - laurdag 28. nov. Distriktssekr. Ødegårdsstuen blir taler.

### Haustoffest

8. november held N.M.S. på Svorkmo haustoffest. P.gr.a. sjukdom vart festen flytta til denne dagen. Kamerunmisj. Aud Bredeli og prost Rogstad blir med som talere. Festen tar til kl. 19.00. Utsilling av en kamerunsk landsby laget av skolebarn på Svorkmo. Sangkrefter.

### Barneforeninger

Kirsti Kristiansen har barneforening i heimen sin ein onsdag i månaden. Det er spesielt for barna på austsida av elva.

Same onsdag har Inger Marit Fagerli barneforening for barn på vestsida av elva på Svorkmo Misjonshus. Her er det sang, hobbyarbeid, andakt osv. Møt opp enten hos Kirsti Kristiansen eller på Svorkmo Misjonshus onsdag 4. november kl. 17.00.

### Indremisjonens kvartalsmøte

Blir på Svorkmo 22. nov. Talere blir Gunnar Ødegårdsstuen og Aasen.

## OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.

## Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Kjolen  
finner De hos

## Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

Trelast og bygnings-  
artikler på lager.  
Gunstige priser

## Orkdal Sag & Høvleri

Tlf. 82265

## Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli

Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag  
anledninger. Kistepynt utføres.

## Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det  
gjeld trykking av blad, tids-  
skrifter, forretningstrykk  
m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

# BARNETEIGEN

## Den sterkaste

Svein og Ivar var gode vener. Men ein dag var dei uenige. Dei snakka om kven som var den sterkaste som fans. Ivar tykte det måtte vere far, for han kunne lyfte tunge mjølsekker lett som ingenting. Svein sin far var også sterk, men han hadde sett ein på TV som sikkert kunne legge ned folk som om dei var fyrstikker, han måtte vel vere sterkast.

Men så kom Ivar til å tenkje på noko han hadde høyrte på søndagsskolen nyleg. «Eg veit om ein som har all makt både i himmelen og på jorda, eg,» ropa han ivrig. «Kven då?» «Det er Jesus.» Det står i Bibelen. Kom, la oss spørje far om korleis det er,» sa Ivar.

Dei gjekk inn, og far til Ivar var svært villig til å hjelpe dei. Han tok fram Bibelen og las frå Matt. 28, 16-20 til dei, det vi kallar misjonsbodet.

Etter at Jesus hadde stått opp og hadde synt seg fleire gonger for læresveinane, møttest dei på eit fjell, og Jesus sa til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda.» Og han sa meir også: «Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar.» Og han lova dei noko: «Eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Etter det for Jesus opp til far sin i himmelen. Det var der han høyrde heime.

Og far held fram: «Ingen menneske kan måle seg med Jesus. Ingen annan enn han seira over døden ved å stå opp, slik han gjorde påskedag. Men Jesus viser oss ikkje at han er sterk ved å slåst, ved å gjera andre vondt, eller ved å øydeleggje, slik menneske som er sterke ofte gjer. Tvert imot, han brukar makta si til hjelp for andre. Då han gjekk på jorda, lækte han sjuke, gav blinde att synet, vekte opp døde, og lærte folk om Gud. Og så står det ein annan stad i Bibelen: «Jesus er igår og idag den same, ja, til evig tid.»

Det er Jesus som har makta. Men han vil bruke oss menneske til å fortelje andre om han. Det han sa til læresveinane var også til oss. Nokre reiser til andre land og fortel om han, dei er misjonærer, men vi kan alle gjere det her heime, slik at andre kan få lære å tru på han. Jesus gir oss

mot og hjelp til det, når vi ber om det.»

Gutane hadde fått noko å tenkje på. Dei ba saman med far, så for dei ut att. Dei ville fortelje andre kameratar kven som var den sterkaste.

as  
(Kyrkjeblad frå Indre Nordmøre)

## Hei!

Det er alltid spennende å komme til et nytt sted, — å bli kjent med nye mennesker. Jeg har da også gledet meg til å komme hit til Orkdal for å arbeide som førskolelærer i Megård, Svorkmo og Stokkhaugen korttidsbarnehager.

Jeg kommer fra Salhus ved Bergen, og avsluttet i vår førskolelærerutdannelsen ved Sogndal lærerskole.

Dette blir altså min første jobb som førskolelærer, og det er derfor ekstra spennende.

Barnehagene eies av lokale indremisjonsforeninger, og bygger på et kristent livssyn. Det er tilsammen 50 barn

i gruppene — 50 barn som på denne måten får anledning til å bli kjent med Jesus. Jeg ser dette som en stor utfordring, — og er glad for at jeg skal få være med å gi barna et slikt kjennskap til ham, både gjennom sanger, samtale og fortellinger fra bibelen. På denne måte kan barna få oppleve at de er en del av Guds plan.

Jeg gleder meg til å bli enda bedre kjent med dere i Orkdal!

Hilsen Elin Hestnes.

La barna dine  
bli kjent med Jesus.  
Gi dei den beste trygghet.

SØLVVARER  
til  
BARNEDÅP BRYLLUP  
KONFIRMASJON  
Gullsmed

John  
ROHME

7300 Orkanger

## Orkanger Ur og Optikk

Verner Svensson

7300 ORKANGER

Telefon (074) 80 195



## Barnegospel - kor

Gutter og jenter opp til 14 år som liker å ha det trivelig sammen med andre og er litt glad i å syng: Kom på Misj.huset på Svorkmo 21. okt. kl. 5. Utpå høsten vil vi bl. a. lage en hyggekveld for foreldrene og også ha en sammenkomst med barnegospel på Fannrem. — KOM DA VEL!

# VELKOMEN TIL KYRKJA

18.10. 19. s. e. pinse

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse ved Magne Valen Senstad og Rogstad. Nattverd. Offer til Misjonshøgskolen.

— Moe k. kl. 19. Hausttakkegudstene-  
ste ved Slettahjell og Aasen. Orkdal  
Damekor og 4H grupper deltar.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.

— Orkanger aldersheim kl. 11. Guds-  
tenesteleg møte v. Bertel Aasen.

25.10. Bots og bededag

— Orkanger k. kl. 11.00. Høgmesse v.  
Slettahjell. Nattverd. Offer til  
menighetsarbeidet.

— Orkdal aldersheim kl. 11.00. Gudst.  
møte v. Solheim.

— Orkdal kyrkje kl. 16.00. Kyrkje-  
konsert v. Trøndelag kristelige sanger-  
forbund. Andakt v. Slettahjell.

1.11. Helgemesse

— Orkdal k. kl. 11.00. Høgmesse ved  
Slettahjell. Natverd. Offer til Misjons-  
sambandet.

— Moe k. kl. 11.00. Høgmesse v. Rog-  
stad. Nattverd. Offer til Søvasskjølen  
Fjellkirke.

— Geitastrand k. kl. 11.00. Høgmesse  
v. Aasen. Nattverd. Offer til Same-  
misjonen.

8.11 22. s. e. pinse

— Evjen skole kl. 11. Gudstjenestelig  
møte v. Slettahjell.

— Sølberget kl. 11. Gudst. møte ved  
Rogstad.

Bestill time for fotografering.

**Fotograf J. Sødahl**

Tlf. 80259

Orkanger

## Gåver til bladet

7330 SVORKMO:

Anders Arli 30. Ingvar Grytdal 30.  
Ingrid Haugen 50. Skjaldvor Asbøll  
15. Johanna Løseth 25. Olav Fossum  
50. Solbjørg Moe 20. Magnar Haugen  
30. Alf Kværnvik 50.

7334 HOSTON:

Henrik E. Hoston 30. Henrik I. Hoston  
30.

GEITASTRAND:

Lars Sletvold 40. Arnt N. Ofstad 50.  
Gunhild Ingebrigtsen 30. Gunda Legar  
30. Randi Langvik 50.

En del gaver må stå over p. gr. av  
plassmangel.

## SKOTØY

for hele familien.

**Ingv. Solbu etf.**

Orkedalsveien 71

7300 Orkanger

## HELGAVAKT

17. - 18. okt.: Aasen

24. - 25. okt.: Slettahjell

31. okt. - 1. nov.: Rogstad

7. - 8. nov.: Slettahjell

14. - 15. nov.: Aasen

**SOVASSKJØLEN**

**FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.

## Biblioteket for alle

folkebiblioteket i Orkdal kommune ønsker på denne måten å komme i kontakt med mennesker som på en eller annen måte er forhindret i å komme til biblioteket selv, men som likevel ønsker et boktilbud. Biblioteket har kapasitet til mere oppsøkende virksomhet. Ring telf. 80 000 (kommunesenteret) linje 84 og vi kan snakke om tilbudet. det er gratis for den enkelte.

biblioteksjefen.

## Kassett — Orkland Mannskor

No er det igjen mulighet til å skaffe seg kassett av Orkland Mannskor. Det har vore stor etterspørsel etter kassetten som koret gav ut for snart eit år siden. Og prisen er som før kr. 40. Her har du høve til å sikre deg ei fin julegåve. Medlemmene i koret formidlar kassettar til deg.

## Brødrene Fagerli med kassett

I løpet av oktober kan du skaffe deg kassetten som er nyinnspela av John og Brage Fagerli. Det er mange i dalen vår og langt utover i Trøndelag og enda vidare som set pris på sangen til dei 2 brørne. Her har du muligheten til å lytte til sangen deira i di eiga stove. Du får kassetten om du henvender deg til ein av dei.

## ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,  
Johan Fagerholt, Sissel Solem,  
Einar Bjørndal, H. Sivertsen,  
Borghild Asphjell, Dagny Korsli,  
Harald Hukkelås. Bankane.  
Alfhild Engen.

## ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo  
T. Rein, Vormstad, 7330 Svorkmo  
M. A. Staveli, 7334 Hoston

## ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås  
Bankane.

## GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:  
Gunerius Kjøren

Sendt av:

ADR.:

KRONER ØRE

Vedlegg til  
Orkdal menighets-  
blad nr. 8 - 1981.  
Gåver og kontin-  
gent 1982.

# POSTGIRO - INNBETALINGSKORT

Sendt av:

ADR.:

KRONER ØRE

TIL

## ORKDAL MENIGHETSBLAD


ADR.:

7320 Fannrem

INNBETALINGSNUMMER


POSTGIROKONTO

3 26 87 29



DATOSTEMPEL

# KVITTERING



DATOSTEMPEL

KRONER ØRE

er innbetalt til

Orkdal Menighetsblad

7320 FANNREM

POSTGIROKONTO

3 26 87 29


Ved reklamasjon  
må De vise  
kvittering

INNBETALINGSNUMMER

ØRE

PORTO

SIGNATUR



DATOSTEMPEL

Bl. 560